

(14) LANDKRABBE-VALS

Tekst og tone:
FREDDIE LANGRIND

Ved skjebnens ironi kom eg til verda som vassmann.

G Bm Am7 D7 G

Det hyl - er kvit-skum - ma bår - er i fjord - en, det er som sjølv - as - te

Bm Am Am7 D7 Am7 D7

6 Nep-tun har fest, _____ men den som ein gong som jord-mann er svor - en har ald-ri

Em7 A7 (sus4) A7 D G Bm Am7

13 bedt om å ve - re hans gjest. _____ Eg er ein vill - far - en vass-mann med ot -

D7 G7 G7 C Am D7

20 te for alt som trug - ar min hug og min fot, _____ og det er ber - re på land at ein

G Em Am7 D7 G

27 mann er ein mann og kan set - te si rot.

Det hylar kvitskumma bårer i fjorden,
det er som sjølvaste Neptun har fest,
men den som ein gong som jordmann er svoren
har aldri bedt om å vere hans gjest.
Eg er ein villfaren vassmann med otte
for alt som trugar min hug og min fot,
og det er berre på land
at ein mann er ein mann
og kan sette si rot.

Der ute finst korkje ly eller grenser,
og der er staden for våte forlis.
Når stormen slit er det ingen som enser
ein skarve stake i skyming og dis.
Eg er ein villfaren vassmann ...

Og når ein sjømann set sjøbein på dekket
har eg forlenge tatt eit grep om min stav,
og eg står fast og er knapt til å vekke
når han står skjelvande der på sitt hav.
Eg er ein villfaren vassmann ...

Eg har ei ørlita sjøvante venninne
som ikkje ensar min haltaa...ande vals,
ho er det beste eg fann nokosinne,
eg har ei stigande sol om min hals.
Eg er ein villfaren vassmann ...

